



Folk har vore flinke til å hjelpa. Frå innsamlinga 2014

Tysdag 18. oktober vert det på nytt, innsamling til Ukraina i Kvinnherad. Då kjem THK-traileren frå Haugesund, og det vert innsamling fleire plasser i kommunen. Det som trengst er brukte klede, sko, sportsutstyr, ulltepper, leiker m.m. Det går mot vinter, ein vinter som kan vera svært kald i landet.

Det er tragisk at det framleis er behov for naudhjelp, men det trengst faktisk meir enn før. Krigen i Aust Ukraina armar ut landet, også økonomisk. Dette går i stor grad utover vanlege folk. Born og eldre menneske er svært utsette. Utgifter til bustad, straum m.m. stig, lønn og trygd er på eit lågmål.

THK-stiftelsen driv hjelpearbeid i Tsjernobel området, etter ulukka for 30 år sidan. Byen Korosten er senter for arbeidet. I samarbeid med lokale krefter driv dei mor/barn senter, leirarbeid for vanskelegsilte born, sender brukte brannbilar og utstyr, ambulansar og sjukehusutstyr, driv heim for ungdom som må flytta frå barneheim, senter for psykisk utviklingshemma, hjelper flyktingar frå krigsområda og sender naudhjelp til desse. Ein viktig del er sjølvstøtt utdeling av innsamla varer frå Norge. Alt vert delt ut til folk som har dokumentert behov.

Det som vert samla inn no vert køyrt til Ukraina 2 dagar etter innsamlinga, av underteikna og Trond Hillesvik frå Tysnes. Det vert spennande å sjå om vi kan fylla opp traileren her i kommunen. Eventuell ledig plass vert fylt opp frå mellomlager på Karmøy. Det er plass til 1200 sekk som veg om lag 15 tonn.

Tid og stad vert kunngjort på uskedalen.no og ved annonse i lokalavisene seinare.

Tekst: Tormod Myklebust, for THK-stiftelsen.
Foto og nett: Thor Inge Døssland